

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV 97/54/EF

av 23. september 1997

om endring av rådsdirektiv 74/150/EØF, 74/151/EØF, 74/152/EØF, 74/346/EØF, 74/347/EØF, 75/321/EØF, 75/322/EØF, 76/432/EØF, 76/763/EØF, 77/311/EØF, 77/537/EØF, 78/764/EØF, 78/933/EØF, 79/532/EØF, 79/533/EØF, 80/720/EØF, 86/297/EØF, 86/415/EØF og 89/173/EØF med omsyn til høyeste konstruksjonsfart for jordbruks- eller skogbrukstraktorer med hjul(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtene:

Verkeområdet til rådsdirektiv 74/150/EØF av 4. mars 1974 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om typegodkjenning av jordbruks- og skogbrukstraktorer med hjul⁽⁴⁾ er for tida avgrensa til å omfatte traktorer med ein høyeste konstruksjonsfart på mellom 6 og 30 km/t.

I dag har svært mange traktorer ein høyeste konstruksjonsfart på over 30 km/t. Difor må direktiv 74/150/EØF og dei særdirrektiva som er del av den europeiske typegodkjenningsordninga for køyretøy som gjeld for desse traktorane, endrast for å unngå at denne framgangsmåten kan nyttast på stadig færre køyretøy.

Verkeområdet til særdirrektiva 74/151/EØF⁽⁵⁾, 74/152/EØF⁽⁶⁾, 74/346/EØF⁽⁷⁾, 74/347/EØF⁽⁸⁾, 75/321/EØF⁽⁹⁾, 75/322/EØF⁽¹⁰⁾, 76/432/EØF⁽¹¹⁾, 76/763/EØF⁽¹²⁾, 77/311/EØF⁽¹³⁾, 77/537/EØF⁽¹⁴⁾, 78/764/EØF⁽¹⁵⁾, 78/933/EØF⁽¹⁶⁾, 79/532/EØF⁽¹⁷⁾, 79/533/EØF⁽¹⁸⁾, 80/720/EØF⁽¹⁹⁾, 86/297/EØF⁽²⁰⁾, 86/415/EØF⁽²¹⁾ og 89/173/EØF⁽²²⁾ er klart fastlagt på grunnlag av høyeste konstruksjonsfart. Desse direktiva bør òg endrast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 12 i direktiv 74/150/EØF, for å unngå at dei kan nyttast på stadig færre køyretøy.

Den høyeste konstruksjonsfarten bør aukast frå 30 km/t til 40 km/t.

Ein auke i den høyeste konstruksjonsfarten som vert nytta for å avgrense verkeområdet til direktiv 74/150/EØF og visse særdirrektiv, krev òg ei tilpassing av rådsdirektiv 76/432/EØF av 6. april 1976 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om bremseanlegg for jordbruks- og skogbrukstraktorer med hjul⁽²³⁾. Tilpassinga skal gjerast ved ei særskild rettsakt som ikkje må ta til å gjelde etter dette direktivet.

Alt som har med tryggleiken å gjere, t.d. montering av tryggingsbelte, må betrast og harmoniserast.

Det bør vedtakast fællesskapsreglar for ureining frå traktorer —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

(*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 277, 10.10.1997, s. 24, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 28/1999 av 26. mars 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(¹) TEF C 186 av 26.6.1996, s. 11.

(²) TEF C 56 av 24.2.1997, s. 74.

(³) Europaparlamentsfråsegn av 10. desember 1996 (TEF C 20 av 20.1.1997, s. 25), felles haldning frå Rådet av 13. mars 1997 (TEF C 157 av 24.5.1997, s. 1) og europaparlamentsavgjerd av 16. juli 1997 (TEF C 286 av 22.9.1997). Rådsavgjerd av 29. juli 1997.

(⁴) TEF L 84 av 28.3.1974, s. 10. Direktivet sist endra ved tilmeldingsakta av 1994.

(⁵) TEF L 84 av 28.3.1974, s. 25.

(⁶) TEF L 84 av 28.3.1974, s. 33.

(⁷) TEF L 191 av 15.7.1974, s. 1.

(⁸) TEF L 191 av 15.7.1974, s. 5.

(⁹) TEF L 147 av 9.6.1975, s. 24.

(¹⁰) TEF L 147 av 9.6.1975, s. 28.

(¹¹) TEF L 122 av 8.5.1976, s. 1.

(¹²) TEF L 262 av 27.9.1976, s. 135.

(¹³) TEF L 105 av 28.4.1977, s. 1.

(¹⁴) TEF L 220 av 29.8.1977, s. 38.

(¹⁵) TEF L 255 av 18.9.1978, s. 38.

(¹⁶) TEF L 325 av 20.11.1978, s. 16.

(¹⁷) TEF L 145 av 13.6.1979, s. 16.

(¹⁸) TEF L 145 av 13.6.1979, s. 20.

(¹⁹) TEF L 194 av 28.7.1980, s. 1.

(²⁰) TEF L 186 av 8.7.1986, s. 19.

(²¹) TEF L 240 av 26.8.1986, s. 1.

(²²) TEF L 67 av 10.3.1989, s. 1.

(²³) TEF L 122 av 8.5.1976, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 96/63/EF (TEF L 253 av 10.5.1996, s. 13).

Artikkel 1

Orda «30 km/t» skal bytast ut med «40 km/t»

- i artikkel 1 nr. 2 i direktiv 74/150/EØF, 74/151/EØF, 74/152/EØF, 74/346/EØF, 74/347/EØF, 75/321/EØF, 75/322/EØF, 76/432/EØF, 76/763/EØF, 77/311/EØF, 77/537/EØF, 78/933/EØF, 79/532/EØF, 79/533/EØF, 80/720/EØF, 86/297/EØF, 86/415/EØF og 89/173/EØF,
- i artikkel 9 nr. 2 i direktiv 78/764/EØF og
- i nr. 1.5 i vedlegget til direktiv 74/152/EØF.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal vedta og kunngjere dei føresegnene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 23. september 1998. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette. Dei skal nytte desse føresegnene frå 23. september 1998.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 23. september 1997.

For Europaparlamentet *For Kommissjonen*

J.M. GIL-ROBLES

F. BODEN

President

Formann